

| | | |
|---------------|-----------------------|-----------------|
| Sak nr | Utval | Møtedato |
| 03/19 | Det faste planutvalet | 22.01.2019 |

REGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG SKODJE KYRKJE - OLMANNGJERDET - OFFENTLEG ETTERSYN

Det faste planutvalet

22.01.2019

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling/vedtak:

Det faste planutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova §12-10, å legge forslag til reguleringsplan for gang- og sykkelveg mellom Skodje kyrkje og Olmanngjerdet/Røane ut til offentleg ettersyn slik den ligg føre, med plankart, planomtale og føresegner, datert 8.1.2019.

Vedlegg

1 Forslag til reguleringsplan for gang- og sykkelveg mellom Skodje kyrkje og Olmanngjerdet/Røane med plankart, planomtale og føresegner, datert 8.1.2019.

Kort samandrag av saksutgreiinga

Ose AS på vegne av Skodje kommune utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan med tilhøyrande planomtale og reguleringsføresegner for gang- og sykkelveg frå Skodje kyrkje til Olmanngjerdet/Røane.

Rådmannen legg til grunn at etablering av gang- og sykkeveg vil knyte på Røane, Simengjerdet og Olmanngjerdet til sentrum, og vil innebere tryggleik og sikker ferdsel for skulebarn og andre som ferdast i langs fylkesvegen i området, og rår til å legge planframlegget ut til offentleg høyring.

Saksutgreiing

Ose AS har i samarbeid med Skodje kommune utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan med tilhøyrande planomtale og reguleringsføresegner for gang- og sykkelveg frå Skodje kyrkje til Olmanngjerdet/Røane.

Planområdet ligg på Olmannsgarden, langs fylkesveg 106, aust for Skodje sentrum like ved Skodje kyrkje. Etter varsel om oppstart er plangrensa redusert til å berre femne om nødvendig areal til fv 106,, gang- og sykkelveg langs fv. 106 og opparbeidde vegar til bustadar.

Planomtalen inneheld ei oversikt over bakgrunnen for saka, særskilt vurdering i høve behov for medverknadsmøte og ei klargjering av plansituasjonen i området.

Føremålet med planarbeidet er omtalt i kapittel 3 og målet er å knyte bustadområdet saman med sentrum og rydde opp i avkøyrslene frå Simengjerdet og Olmanngjerdet frå fylkesvegen. Tiltaket vil samla sett gi betre trafikktryggleik på strekninga.

I sak 59/18 i det faste planutvalet vart det gjort vedtak om å vurdere behovet for parkering innanfor planområdet. Etter nærare vurdering vert det ikkje lagt opp til parkering innanfor planområdet. Det blir ikkje tilrådd å nytte landbruksareal innanfor planområdet til parkeringsplass, sidan dette ikkje er avklart i overordna plan. Storfjorden kyrkjelege fellesråd uttrykte behov for fleire parkeringsplassar med delvis sambruk med utfartsparkering. Ei løysing for å hjelpe til med parkeringssituasjonen for kyrkja er å leggje til rette for parkering mellom fylkesvegen og gang- og sykkelveg, med å nytte massar som toler sporadisk parkering og grunn grøft. Med ny gang- og sykkelveg langs fylkesvegen til Olmanngjerdet, kan parkeringsplassar ved kyrkja nyttast til utfart.

Planomtalen gjev ei oversikt over prosessen så langt og saksgang vidare i kapittel 4. Oppstart av planarbeidet vart annonsert 14.9.2018 i avisene og med særskilt varsel til berørte grunneigarar, organisasjonar og offentlege myndigheiter. Etter gjennomgang av innkomne merknadar er det vurdert at det ikkje er behov for medverknadsmøte før plandokumenta vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Planomtalen gjer greie for planstatus og rammer for planområdet, jf. kapittel 5.

Kapittel 6 omtalar eksisterande situasjon i planområdet. Planområdet består i hovudsak av dyrka mark, der fylkesvegen deler opp eit større landbruksareal. Fylkesvegen blir nytta av gåande for å komme seg til å frå bustadane lang Olmanngjerdet, Simengjerdet og Røane.

Det vert gjort nærare greie for sjølve forslaget til reguleringsplan. Løysingane i reguleringsplanen er illustrert nærare i på side 21.

Innspel til planarbeidet

I samband med at det vert varsla at oppstart av planarbeid, er det kome inn merknader til saka frå berørte statlege og fylkeskommunale fagetatar, samt frå berørte naboar og partar i området. Vurdering av merknadane er gjort i sjølvstendig dokument.

Vurdering

Ose AS har utarbeidd forslag til reguleringsplan for gang- og sykkelveg på austsida langs fv. 106 mellom Skodje kyrkje og Olmanngjerdet/Røane. Planforslaget som ligg føre illustrerer det planlagde prosjektet, og gjev eit godt grunnlag for den vidare handsaminga med offentleg høyring og eventuelt kommunalt planvedtak.

I planomtalen kapittel 8 er verknadane/konsekvensane av planframlegget gjort greie for. Rådmannen legg til grunn at etablering av gang- og sykkelveg vil knyte på Røane, Simengjerdet og Olmanngjerdet til sentrum, og vil innebere tryggleik og sikker ferdsel for skulebarn og andre som ferdast i langs fylkesvegen i området.

I november vart det gjennomført arkeologisk registrering utan at det vart gjort funn. Planen vil ikkje gi konsekvensar for automatisk freda kulturminne, men det vert i føresegna lagt inn krav om avklaring dersom det vert gjort funn av noko som kan vere automatisk freda kulturminne.

Rådmannen har etter ei nærare vurdering kome fram til at det ikkje bør leggest til rette for opparbeiding av parkeringsareal innanfor planområdet no.

Rådmannen vurderer som Ose AS at samfunnsnytta av trygg skuleveg veg tyngre enn tap av matjord her. Opphavleg terreng avgjer om gang- og sykkelvegen får stigning som er universelt utforma, delar av parsellen lengst nord i planområdet vil få brattare stigning enn 1:20. Reguleringa vil medføre omdisponering av dyrka jord, slik påverke næringsverksemd i landbruket. Ein ser ikkje andre interesser som vil bli påverka negativt av planlagt gang- og sykkelveg.

Realisering av planen vil medføre kostandar for kommunen, ved kjøp av areal og utbygging av gang- og sykkelveg.

Rådmannen viser til saksdokumenta og eigne vurderingar ovanfor, og rår til at forslag til reguleringsplan for gang- og sykkelveg mellom Skodje kyrkje og Olmanngerdet/Røane vert lagt ut til offentleg ettersyn slik den ligg føre, med plankart, planomtale og føresegner, datert 8.1.2019.

INNSTILLING:

Rådmannen si innstilling

Det faste planutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova §12-10, å legge forslag til reguleringsplan for gang- og sykkelveg mellom Skodje kyrkje og Olmanngerdet/Røane ut til offentleg ettersyn slik den ligg føre, med plankart, planomtale og føresegner, datert 8.1.2019.